



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Kari Beate Mostad, 5557 2153

Vår dato  
13.03.2017  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2017/3442 520  
Dykkar referanse  
«REF»

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

### **Invitasjon til å sende inn forslag til kandidatar for Kulturlandskapsprisen 2017**

#### **Målsetting**

Kulturlandskapsprisen skal vera ei påskjøning til dei som har gjort ein mangeårig innsats for å ta vare på landbruket sitt kulturlandskap i Hordaland. Prisen kan delast ut kvart år og er eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommunen.

#### **Tema 2017: Vatn i jordbrukskulturlandskap**

Tema for prisen i år er tar utgangspunkt i vassforskrifta og målsetnaden om å sikre tilfredsstillande miljøtilstand i vatn og vassdrag innan 2020. Det kan vere eit mangfold av tiltak i samband med vatn i kulturlandskapet; både tekniske tiltak for å hindre ureining, tiltak for tilrettelegging for biologisk mangfold i vassdraget, tiltak for å ivareta kulturminne og tilrettelegging for tilgjenge og bruk av område knytt til vatn. Det er ein føresetnad at tiltaka inngår i ein heilskap og ein samanheng med eit bruk i god drift.

Forslag til aktuelle tiltak som kan nominerast:

- Tekniske tiltak: t.d. tiltak mot erosjon, «fangdam / rensepark» for samling av partikler og næring i avløp/overflatevatn, sikringstiltak for kontroll av gjødsellager og førebyggande tiltak ved potensielle uhell.
- Biologisk: døme på god skjøtsel av bekkeløp og kantvegetasjon, fjerning av vandringshinder for aure og tilrettelegging for andre organismar som lever i vatn t.d. elvemusling,
- Kulturhistorisk: ivaretaking av kulturminner knytt til vatn i jordbrukslandskapet t.d. kverner og elvemurer mm.
- Formidling og bruk: formidling av vassdragskvalitetar, tilrettelegging for ferdsel langs vassdrag, bruk av vatn og innsjøar

**Frist for innsending av forslag 19. april 2017.**

Prisen er på kr 50 000,- samt eit diplom.

I 2017 vert prisen delt ut av Fylkesmannen.

### **Kven kan nominerast**

Prismottakar kan vere enkelpersonar, fleire gardsbruk eller grender.

### **Forslag til kandidatar**

Kvar kommune vert invitert til å koordinere og koma med forslag v/faginstansar innan landbruk, miljø og kultur saman med dei lokale faglaga. Kvar kommune kan fremja eitt eller fleire forslag til kandidatar.

Forslaget skal vera i form av skrifteleg omtale, og i tillegg foto eller annan dokumentasjon. Dersom det ikkje kjem inn kvalifiserte forslag kan Kulturlandskapsgruppa sjølv foreslå ein prisvinnar eller la vere å dele ut prisen.

### **Jury**

Juryen for prisen er Kulturlandskapsgruppa i Hordaland som er satt saman av representantar frå Fylkesmannen sine landbruks- og miljøvernavdelingar, Hordaland fylkeskommune ved Kulturavdelinga, kommunane i Hordaland ved Fitjar kommune, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde og Småbrukarlag, Universitetet i Bergen og Norsk Landbruksrådgiving Hordaland.

### **Prisvinnaren**

Det vert kåra ein prisvinnar kvart år. Prisvinnaren kan vera einskildpersonar, fleire gardsbruk eller grender.

### **Invitasjon og markering**

Kåring vert gjort i innan utgangen av september. Markeringa skal haldast lokalt hjå prisvinnaren. Det vert lagt opp til eit enkelt arrangement i samarbeid med vinnarkommunen. Vi ber om at forslaga vert sendt elektronisk til [fmhokmo@fylkesmannen.no](mailto:fmhokmo@fylkesmannen.no)

Med helsing

Åse Vaag  
landbruksdirektør

Kari Beate Mostad  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*